

Høyringsuttale (KF-340)



Referansenummer: KXKP8N

Registrert dato: 19.12.2018 11:58:49

Talet på vedlegg: 1

Innleiing

Uttalen blir gjeven

- Personleg
 På vegner av føretak/lag/foreining

Opplysningar om innsendaren

Førenamn

Asgeir

Etternamn

Helle

Adresse

Olaf Ryes vei 11c

Postnummer
5007

Poststad
BERGEN

Telefon
95779834

E-post
asgeir@online.no

Høyringsuttale

Høyringsuttale

Velj høyringsuttale:

- Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad-Mongstad
 Nystøltunet

Uttale

Innspel vedrørande gnr./bnr. 118/2 og Fv.57 gang- og sykkelveg (saks nr. 2014/7379)

Tilkomstvegen som på kartet er kalla f SV11 er planlagt 3 meter frå vestsida av våningshuset på eigedommen. Dette er ein veg som også er tilkomstveg for gnr./bnr. 118/11. Det kan og bli tilkomstveg for andre utskilte tomtar frå 118/2 i framtida.

Våningshuset på 118/2 er i dag nytta som fritidsbustad, men var inntil 2010 heilårsbustad og kan bli det på nytt. Vi er pensjonistar og vurderer å flytte tilbake. Vi har også vaksne barn som vurderer det same. Dersom 118/2 blir seld ut av familien er det store sjansar for at huset blir nytta som heilårsbustad.

Huset får Fv.57 utvida og nærmare inn mot vestsida av huset. Her reknar vi det med at det må komme støy-skjerming. Dette vil langt på veg rasere ein hage som er opparbeid gjennom 60 år.

Når så i tillegg tilkomstvegen til 118/11 vert lagt tett inntil huset på vestsida, over ein opparbeid plen, er alt det som finst av privat uteområde sterkt rasert. Dette vil kraftig redusere både den økonomiske verdien av huset og nytteverdien av huset både som fritidsbustad og heilårsbustad.

Det finst fleire mulige alternativ for tilkomstvegen slik at avstanden til våningshuset på 118/2 og omsynet til privat uteområde blir teke omsyn til. Vi legg ved ei skisse der vegen går omkring 25 meter vest for huset. Vegen blir

liggende bak ein skrent og under høgspent linja nokre meter før den svingar austover og kryssar grensa til 118/3.

Det medfører at SV12 må bli noko lengre. Men behovet for SV13 fell med dette bort.

Sjølv om det i dag er lite aktiv drift av dei tre opphavelege gardsbruka på Tjukkhetla, er det ein del skogsressursar som vert nytta. Den nye Fv.57 bli vanskeleg å krysse med traktor og tømmerlast. Dette bør leggast til rette for i planen.

19.12.18

Jannicke Bøe og Asgeir Helle

Vedlagt dokumentliste

Alternativ 2 vei (SV11) Tjukkhetla over 118_2 til 118_1 til Fv 57.pdf